

Tradisjonelle juletrefestar

18.12.2011



Frammøtet i Vonheim blir sikkert imponerande stort også dette året.

I romjula er det tid for dei tradisjonelle juletrefestane og i år blir festen i Bedehuset avvikla tysdag 27. desember klokka 17 og i Grendahuset Vonheim onsdag 28 desember klokka 19.

Forventningane er store til frammøtet begge stader, men kanskje særleg oppe i dalen der det til dømes har vore så mange som 65 og dermed 3 ringar rundt treet. Det er imponerande samanlikna med folketalet frå Haugland og oppover.



Frå den trivelege julefesten i fjar i Bedehuset

Dette året er det Gunnar Mæhlum som skal tala i Vonheim.
Det har han gjort mange gonger før, men det verkar som den
tidlegare misjonæren er usliteleg, like usliteleg som festen i seg sjølv.
Den har truleg ikkje vore avbroten sidan huset var vigsla i 1933.
Ein sikker tradisjon er også opningskonserten til Musikklaget, som
denne gongen sikkert vil vise at han er i framgang.
Det er heller ingen tvil om at nissen kjem og at det blir leikar.
Dei som kjem blir bedne om å ta med kaffi og noko å bita i

I Bedehuset er det andakt ved Lise Marie Litlabø, matøkt og
posar til borna. Arrangøren lovar som tradisjonen tilseier eit
juletre som er imponerande kva lengde angår. Når det heilt
opp i taket dette året?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen